Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Drikk til maten til kvardags.

Oppskr. av: Hans Vidnes.

(adresse): Åheim.

Fylke: Möre- og Romsd.

Herad: Vanylven.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk.

1) Ein brukar sikkert meir söt mjölk no enn fåer, både til born og vaksne. Söt mjölk var lite brukt fåer. Ein hadde ikkje råd til det. Bruken av mjölk i ei eller anna tillaga form har vel neppe auka, heller omsnutt.

2) Ja, det vart vel gjört, men den eigenlege leskedrikken var skyr eller saup utblanda i vatn, og framom alt syreblande.

3) Ho vart laga av mjölk (kanskje også av saup og skyr) som vart „sprengt". Mysen silte ein av, slo ho i ei syretynne, som var laga til det bruket, let ho gjere der. Veit ikkje om dei hadde i nokon slag gjærstoff. Etter ei tid vart ho blank og klår og „stod seg" i kor lang tid det skulle vera. Blanda i vatn smaka det som vineddik. Ikkje bruka nå. I alle heimar fór!

4) Ingen veit av at öl var kvardagsdrikk her. Det var festdrikk.

„Blande", „syreblande" hadde ein med seg på slåtteigen, åkeren, i fiskja, til grauten, o.s.v. Svart mykje brukt.

5171

<u>Kaffi:</u>

5/ Det var vanleg i fest og ser=höve kring 1880.

6/ Kvardagsdrikk i tida 1890-1920. Etter den tida ~~slutta~~ (kring 1915) slutta ein å bruke heimelaga erstatning. Det hadde vore mykje nytta eit halvt århundrad opptil 1920. <u>För å spare.</u> Sparinga var den store materielle livskunst. Ho forklarar kulturlivet den tida.

7/ Frukost, non, og sumtid kveld. Andre drikk to gonger til.

8/ Ein slar vanleg malen kaffi i kokande vatn og lät det koka ca 3-5 min. Ein klårar han med å slå noko i koppen, og så slå det i att. Det er slutt med å bruke sei-rod (av turka sei) til klåreskinn. Fan visst spår kvinnfolka i grut, etter den regelen å kunne på denne måten sei högt spåobjektet sine ynskjetankar om kjæreste, gifting, o.s.b.

9/ Ein brukar „kaffisukker", d.v.s. raffinade. För var brunsukker meir vanleg til alleslags bruk.

10/ Ein brukar flöyte i kaffien. Har ein ikkje råd til det, brukar ein mjölk. Ost eller ninspa egg vert ikkje brukt i kaffien her.

11/ <u>Te.</u> Sume huslydar brukar te til kvelds. Vanleg berre i seinste tid. Ein har og laga erstatning av tyttebær= eller blåbær=lyng. 12/ Brennevin berre til å skjenke ein gjest dram.

13/ Når ein kjem til butikken, hender det ikkje så sjeldan at ein kjøper brus som tystedrikk.

5171

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING